

Partnerskapsavtale

mellom

Hordaland fylkeskommune og Bergen Reiselivslag 2015

1. Formål

Hordaland fylkeskommune og Bergen Reiselivslag skal samarbeide om å styrke det regionale næringsutviklingsarbeidet knytt til reiseliv og/eller sektorovergrepande satsingar i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNH).

2. Målsettingar

Partnerskapsavtalen skal medvirke til å realisere fylkeskommunale mål og strategiar for næringsutvikling knytt til reiseliv slik dette er formulert i gjeldande regionale planar på området, med særleg vekt på innsatsområda i HNH. I dei årlege tildelingsbreva frå fylkeskommunen kan dette bli nærare presisert.

Partnerskapen skal også medverke til å nå Bergen Reiselivslag sine mål om å styrke medlemsbedriftene i selskapet.

3. Bergen Reiselivslag sine oppgåver og bidrag i partnerskapen

Bergen Reiselivslag skal som ein del av sitt virke:

- Auke fokuset på felles oppgåveløysing med dei andre destinasjonsselskapa i fylket
- Kvalitetssikre vertskapsrolla i eigen region og m.a. vere pådrivar for vidareutvikling av turistinformasjon
- Delta aktivt i Forum Reiseliv og Destinasjonsgruppa
- Leggje til rette for styrking av nettverk og auke av kompetanse for bedriftene i eigen region, og rekruttere bedrifter til utviklingsprosjekt

4. Fylkeskommunen sine oppgåver og bidrag i partnerskapen

Som delvis finansiering av oppgåvene nemnt under punkt 3 skal fylkeskommunen yte eit årleg økonomisk bidrag. Dei fylkeskommunale partnerskapsmidlane skal utbetalast innan 1. april kvart år, men ikkje før rapporten for året før ligg føre og er godkjent (sjå punkt 6). Partnerskapsmidlane er ikkje til hinder for at Bergen Reiselivslag kan søke prosjektfinansiering til konkrete utviklingsprosjekt.

Fylkeskommunen deltek på administrativt og/eller politisk nivå i aktivitetar og prosjekt som partnaren er ansvarleg for etter nærare avtale.

Der kor det er naturleg, skal fylkeskommunen medverke til at partner kan dra nytte av dei ressursane og den kompetansen som fylkeskommunen sjølv, og fylkeskommunen sine andre samarbeidspartnarar rår over.

5. Organisering av arbeidet

Det blir lagt til grunn at arbeidet blir gjort i nært samarbeid med administrativ leiding i fylkeskommunen. Arbeidet skal også koordinerast med tiltak starta i regi av Destinasjonsgruppa slik at ein kan hente erfaring frå tilsvarende satsingar og unngår dobbeltarbeid. Ut over dette er det opp til partner å avgjere kven dei vil samarbeide med og korleis dei vil organisera og drive arbeidet.

6. Rapportering

Fortløpande rapportering og dialog skjer gjennom regelmessige møte mellom partnar og fylkeskommunen, likevel minst 2 gonger pr år.

Innan 1. mars kvart år skal Bergen Reiselivslag sende ein kortfatta rapport til fylkeskommunen. Det skal rapporterast på gjennomførte tiltak og oppnådde resultat i høve til oppgåvene nemnt under punkt 3 og til dei mål og krav som blir sett i dei årlege tildelingsbreva frå fylkeskommunen. Rapporten skal gje ei kort oppsummering av bruken av partnarskapsmidlane i høve i aktivitet og gjennomførte tiltak.

I tillegg skal Bergen Reiselivslag også sende årsmeldinga og revisorattestert årsrekneskap til fylkeskommunen så snart dette ligg føre.

7. Tidslengd, beløp, oppseiing og innsyn

Denne avtalen gjeld for 2015 med eit partnarskapsbidrag på kr 130.000,-.

Det årlege partnarskapsbidraget frå fylkeskommunen kan bli justert som følge av den årlege budsjetthandsaminga i fylkeskommunen og/eller som følge av endra nasjonale rammer og tildelingar til regional utvikling i fylkeskommunane. Større endringar i dei fylkeskommunale rammene for ordninga gir Bergen Reiselivslag rett til å seie opp avtalen.

Større endringar i organisering, eigarskap eller overordna strategi for Bergen Reiselivslag gir fylkeskommunen rett til å reforhandle eller seie opp partnarskapsavtalen.

Ved misleghald kan begge parter seie opp avtalen med 1 månads varsel.

Dersom Bergen Reiselivslag blir lagt ned eller misligheld avtalen, kan fylkeskommunen krevje heile, eller deler av, partnarskapsmidlane tilbakebetalt.

Fylkeskommunen eller fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid høve til å kontrollere at vilkåra for tilskottet blir helde. Bergen Reiselivslag plikter å gje dei opplysningane som fylkeskommunen ber om.

Bergen 08. april 2015

For Hordaland fylkeskommune

For Bergen Reiselivslag

.....
Bård Sandal
Fylkesdirektør regional utvikling

.....
Ole Warberg
Reiselivsdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.